

Bergen, 3.6.1982
LG/THH

Arbeid 062.382

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 43/82

FISKE I EF-SONA.

FØRING AV FANGSTDAGBOK OG RAPPORTERINGSPLIKT.

Denne meldinga erstattar "Melding frå Fiskeridirektøren J. 45/81".

Reglane i denne meldinga gjeld ikkje for fiske i Skagerrak (ICES III a).

Føring av fangstdagbok.

Ved fiske i EF-sona skal alle norske fartøy uansett storleik føre dei vanlege norske fangstdagbøkene. Nye dagbøker kan ein få av fiskerisjefane eller Fiskeridirektoratet. Kopi av dei norske fangstdagbøkene skal sendast til Fiskeridirektoratet etter kvar tur.

I merknadsrubrikken skal det på dei aktuelle datoane førast inn opplysningar om radio-rapportane (INN-, FANGST- og UT-MELDING) til EF-Kommisjonen.

Ved fiske i EF-sona ved Aust- og Vest-Grønland etter reker og blåkkeite o.l. skal fartøy i tillegg til den norske fangstdagboka føre den spesielle EF-fangstdagboka som blir utsendt saman med fiske-lisensen frå EF. Den raude og blå kopien av EF-fangstdagboka skal sendast direkte til:

EF-Kommisjonen
D.G. XIV, Lisensavdeling
Rue de la Loi 200
B- 1049 Bruxelles, Belgia.

Fiskeridirektoratet skal ikkje ha kopi av EF-fangstdagboka.

Ved eventuelt fiske etter lodde i sona ved Aust-Grønland vil det bli gitt nærare melding om reglar for føring av fangstdagbok.

Rapporteringsplikt.

Ved fiske i EF-sona skal fartøy sende melding slik:

- ved inngang i sona (INN-MELDING).
- fangstmelding kvar 3. dag (ved sildefiske) eller kvar veke. Første fangstmelding skal sendast 3 eller 7 dagar etter inngangen i sona. (FANGST-MELDING).
- ved utgang av sona (UT-MELDING).
- ved utgang frå sona ved Vest- eller Aust-Grønland skal det også sendast førehandsmelding om utgangen med minst 48 timars varsel.

Meldingane skal sendast til: EF-Kommisjonen, Brussel; telex nr.: 24189 FISEU-B.

Når det er uråd eller svært vanskeleg (force majeure) for eit fartøy å sende melding, kan meldinga sendast via eit anna fartøy.

I meldingane skal alle mengder av fisk vere oppgitt i kilo rund (levande) vekt.

Følgjande alfabetiske kode skal brukast for fiskeslag:

A: Djupvassreke (*Pandalus borealis*)
 B: Lysing
 C: Blåkveite
 D: Torsk
 E: Hyse
 F: Kveite
 G: Makrell
 H: Hestmakrell
 I: Skolest
 J: Sei
 K: Kviting
 L: Sild
 M: Tobis (Sil)
 N: Brisling
 O: Rødspette
 P: Øyepål
 Q: Lange
 R: Andre
 S: Reke (*Penaeidae*)
 T: Ansjos
 U: Rødfisk (*Sebastes spp*)
 V: Gapeflyndre (*Hypoglossoides platessoides*)
 W: Blekksprut (*Illex*)
 X: Sandflyndre (*Limanda ferruginea*)
 Y: Kolmule
 AA: Blålange
 BB: Brosme
 CC: Pigghå
 DD: Brugde
 EE: Håbrann

Form og innhald i meldingane skal vere slik:

INN-MELDING:

- Namn på fartøyet.
- Radiokallesignal.
- Registreringsmerke.
- (Eventuelt lisensnummer.)
- Serienummer på meldinga (d.v.s. alle meldingane på same fisketur i EF-sona skal nummererast fortløpande. Altså vil alle inn-meldingane få nr. 1).
- IN (identifikasjon av type melding).
- Dato og posisjon.
- Sone og dato for planlagt fiskestart. (Med sone er det meint ICES eller NAFO område).
- Eventuell fangst om bord ved inngangen i sona, spesifisert på fiskeart ved bruk av den alfabetiske koden.
- Skippers namn.

Eksempel på INN-MELDING (fartøy med lisensnr. 15):

STAALSUND/LEKF/SF5S/15/1/IN/12.6/N6030 E0200/VIa/14.6/2300F/17500Q/
Skippers navn/

FANGSTMELDING (skal sendast kvar sjuande dag; første gong 7 dagar etter inngangen i sona. Ved fiske etter sild skal fangstmelding sendast kvar 3. dag; første gong 3 dagar etter inngangen i sona):

- Namn på fartøyet.
- Radiokallesignal.
- Registreringsmerke.
- (Eventuelt lisensnummer.)
- Serienummer på meldinga.
- WKL (identifikasjon av type melding).
- Dato og posisjon.
- Fangst sidan forrige fangstmelding (eller dersom det er første fangstmeldinga på turen: fangst sidan inngangen i sona). Fangsten skal spesifiserast på fiskeart ved bruk av den alfabetiske koden.
- Sone (ICES eller NAFO område) der fangsten vart gjort.
- Skippers namn.
- (Ved fiske i sona ved Vest- eller Aust-Grønland: Utkast av fisk sidan forrige melding spesifisert på fiskeart ved bruk av den alfabetiske koden.)

Eksempel på FANGSTMELDING (fartøy med lisens nr. 15):

STAALSUND/LEKF/SF5S/15/2/WKL/19.6./N5830 W1215/12500Q/5400R/VIa/ 2200Q/-
13300R/VIb/Skippers navn/

Førehandsmelding minst 48 timar før utgang frå sona ved Vest- eller Aust-Grønland:

- Namn på fartøyet.
- Radiokallesignal.
- Registreringsmerke.
- (Eventuelt lisensnummer.)
- Serienummer på meldinga.
- Dato og posisjon.
- NL (identifikasjon av type melding).
- Skippers namn.

Eksempel på førehandsmelding om utgang frå sona ved Vest- eller Aust-Grønland (fartøy med lisensnr. 93 og serienummer på meldinga 12):

LYSHAUG/LMEM/T61T/93/12/24.6/N6415/W5210/NL/Skippers namn.

UT-MELDING:

- Namn på fartøyet.
- Radiokallesignal.
- Registreringsmerke.
- (Eventuelt lisensnummer.)
- Serienummer på meldinga.
- OUT (identifikasjon av type melding).
- Dato og posisjon.

- Fangst sidan forrige melding (d.v.s. sidan forrige fangstmelding eller - dersom turen i sona har vart 7 dagar eller mindre - sidan innmeldinga). Fangsten skal spesifiserast på fiskeart ved bruk av den alfabetiske koden.
- Sone (ICES eller NAFO område) der fangsten vart gjort.
- Total fangst om bord, spesifisert på fiskeart ved bruk av den alfabetiske koden.
- (Ved eventuell omlasting av fangst til eit anna fartøy: Kvantum omlasta spesifisert på fiskeart, og namn og radiokallesignal på fartøyet som fangsten er omlasta til).
- (Ved eventuell levering av fangst i ei hamn i eit EF-medlemsland: Kvantum levert spesifisert på fiskeart).
- Skippers namn.
- (Ved fiske i sona ved Vest- eller Aust-Grønland: Utkast av fisk sidan forrige melding spesifisert på fiskeart).

Eksempel på UT-MELDING (fartøy med lisensnr. 15):

STAALSUND/LEKF/SF5S/15/3/OUT/25.6./N6000 E0200/1500Q/11500R/VIb/ 2300F/-
33700Q/30200R/Skippers navn/

Dersom eit fartøy går inn og ut av EF-sona fleire gongar på same dag er det nok med inn-melding ved første inngang i sona og eventuelt ut-melding ved siste utgang av EF-sona den aktuelle dagen.

Meldingane til EF-Kommisjonen skal sendast via ein av dei følgjande radiostasjonane:

<u>Radiostasjon:</u>	<u>Stasjonens kallesignal:</u>
Skagen	OXP
Blåvand	OXB
Rønne	OYE
Norddeich	DAF DAK
	DAH DAL
	DAI DAM
	DAJ DAN
Scheveningen	PCH
Oostende	OST
North Foreland	GNF
Humber	GKZ
Cullercoats	GCC
Wick	GKR
Oban	GNE
Portpatrick	GPK
Anglesey	GLV
Illfracombe	GIL
Niton	GNI
Stonehaven	GND
Portishead	GKA
	GKB
	GKC
Land's End	GLD
Valentia	EJK
Malin Head	EJM
Boulogne	FFB
Brest	FFU
Saint-Nazaire	FFO

Prins Christians Sund	OZN	
Julianehåb	OXF	
Godthåb	OXI	Central Godhåb
Holsteinsborg	OYS	
Godhavn	OZM	
Thorshavn	OXJ	
Velferdsstasjon Færingehamn	22239	
Bergen	LGN	
Farsund	LGZ	
Florø	LGL	
Rogaland	LGQ	
Tjøme	LGT	
Ålesund	LGA	

Manglande eller for sein rapportering til EF-Kommisjonen kan medføre utvising frå EF-sona, inndraging av lisensen og idømming av bøter og inndraging av fangst. Det må derfor understrekast at fartøya for sin eigen del må take rapporteringsplikta alvorleg.

Det må også understrekast at det er føraren på det einskilde fartøy som er ansvarleg for at rapporteringsplikta blir oppfylt.

Kart som viser ICES og NAFO områda er lagt ved (./.).

Merking av fartøyet.

Registreringsnummeret må vere tydeleg merka på begge sider av baugen på fartøyet.

Bifangstreglar o.s.v.

Tidlegare fastsette EF-reglar er utsendt med "Melding fra Fiskeridirektøren J. 153/80". Opplysningar om den såkalla "Øyepål-kassa" er utsendt med melding J. 152/80. Etter dei opplysningane vi har er desse reglane no fastsett på nasjonalt plan i dei einskilde medlemslanda.

Kvoter.

Fiskeridirektøren sender kvart år ut melding om dei kvotane Noreg har i EF-sona. Kvotane for 1982 er opplyst om i melding J. 21/82 og J. 44/82.


Lisensar.

Alle fartøy over 200 brt. som fiskar i EF-sona må ha lisens frå EF-Kommisjonen.


Alle fartøy uansett storleik som fiskar i sona ved Aust- eller Vest-Grønland må ha lisens frå EF-Kommisjonen.

Frå den dato lisens-dokumentet er utskreve i Brussel, har fartøya ein frist på 60 dagar til å få lisens-dokumentet om bord.

Søknadskjema og nærare opplysningar om lisens-systemet får ein ved å vende seg til fiskerisjefane, fiskerirettleiarane eller Fiskeridirektoratet.




ICES-fiskeristatistiske områder.



12°W 9°W 5°W

CHART
FOR LOCATING
FISHING GROUNDS



SUBAREAS AND DIVISIONS
OF THE
NAFO CONVENTION AREA

Boundary of Convention Area ———
 Boundaries of Subareas - - - - -
 Boundaries of Divisions ·····
 Depth contour, 100 fath (183 m) ·····

